



Statens vegvesen
Møre og Romsdal

veg og virke

Nr. 4 – 1998/26. årgang

Statens vegvesen Møre og Romsdal sitt bedriftsblad



Integrert feiring av trafikksjefen

Trafikksjef Arne Johnsen fylte 60 år i vår, og markeringa fann stad på vegkontoret 18. mai. Alle dei tilsette på trafikkavdelinga på vegkontoret var tilstades, så også alle distriktsleiarane,



Magne Flemsæter stod for overrekking av gåve til trafikksjefen.

som var på vegkontoret i møte same dagen. Magne Flemsæther overrekte gåva, som var frå arbeidsgivar, gåvekassa og frå dei nærmaste medarbeidarane. Gåva var laga av Vigdis Helmersen i areal- og transportplanseksjonen, og bestod av ein forseggjort collage av pengar og gåvesjekkar samt signaturane til dei tilsette. Gåva uttrykte ein viss symbolikk for temaet i talen, der den raude tråden var integrering. Magne Flemsæther stod også for denne. (Marte Kjørstad – foto: Geirmund Nordal)

Troll kan temjast



Roar Støtterud, Vegdirektoratet, og Per Brandli, Åndalsnes vegstasjon. NB! Trollet i midten. (Foto: Ottar Brudeseth)

Inge Lund sluttar

11. mai var siste fresedagen før opninga av høgfjellsvegen frå Geiranger til Langevatn i år. Det var også det siste året arbeidsformann Inge Lund var med på opninga som fast tilsett. Han går snart av med pensjon. Inge har vore med på opninga i 29 år, og han har vore ein dugande «stifinnar» med god lokalkunnskap og ei



Inge Lund med det første kakestykket på den siste fresedagen.

sikker vurderingsevne i dette arbeidet. På denne dagen hadde vi som arbeider med høgfjellsopninga ei lita markering på Geirangerhytta med kaffi og marsipankake. For også å hugse at dette var det året vi starta med utprøving av å leite opp vegen ved hjelp av GPS-navigering, og at vi i år har fått nytt freseaggregat på beltefresen, fekk vi bakaren i Stranda til å teikne to snøfresar på kaka. Kaka har dessutan påskrifta «Inge – GPS – 400 in line 1998. (Asle Kleppe)

Asfaltfres blir vegmerkingsfres

Ein asfaltfres på vegsentralen på Årø er no ombygd med tanke på å frese bort vegoppmerking. Fresen har fått montert ein sylinderarm og ei plattform. Frå plattformen kan ein ved å ha montert ein hydraulsentral justere arbeidsdjupna til fresetrommelen. - Fresen vart overteken aldeles gratis frå Vegvesenet i Rogaland, fortel oppsynsmann Ingebrigt Heggset ved vegsentralen. Monteringsarbeidet har kosta ca. 50 000 kroner. Ivar Hoem, som er oppsynsmann på Skodje vegstasjon har hjulpet til med ombygginga. Sjølve fresetrommelen er bygd på Tonstad mekaniske verkstad i samarbeid med Vegvesenet i Rogaland. Enno finpussar ein litt på nyvinninga, og det gjenstår montering av spel, samt at ein vil skifte ut skien på sylinderarmen med eit hjul. Vegsentralen har vore i kontakt med Vegvesenet i Sør- og Nord-Trøndelag, og håpar no at vegmerkingsfresen vil komme til nytte også utanfor Møre og Romsdal.

(Marte Kjørstad – foto: Ingebrigt Heggset)



Den nye vegmerkingsfresen med sjåfør Sindre Hjelset.



Statens vegvesen Møre og Romsdal

veg og virke

Statens vegvesen Møre og Romsdal
sitt bedriftsblad

Nr. 4 - 1998 / 26. årgang

Utgitt av:

Statens vegvesen Møre og Romsdal
Fylkeshuset, 6400 Molde
Tlf. 71 25 80 00

Redaksjonen:

Wiggo Kanck – redaktør,
Reidun Nordli, Marte Kjørstad

Redaksjonsutval:

Jonny Eikrem, Anders S. Moen,
Oddbjørn Pladsen, Hermund
Veberstad, Kolbjørn Engen, Tore
Andersen og Thea Solholm.

Ettertrykk blir tilrådd, men gje opp
kjelde. Personlege meiningsytringar
gjer ikkje nødvendigvis greie for
etaten sine offisielle haldningar.

Framsida: Like før opninga av
Stordalstunnelen: Statens vegvesen
legg siste hand på klargjeringa medan
båten «Tafjord» er på veg inn mot
Dyrkorn med dei første tilskodarane.
Foto: Marte Kjørstad

Baksida: Reidun Nordli er «på nett».
Foto: Marte Kjørstad

Layout: Reidun Nordli,
Marte Kjørstad, EKH trykk
Sats og trykk: EKH trykk, Molde
Opplag: 1900

Deadline for neste nummer:
15. august 1998.

Innhald

Kulturdagane	4-7
Miljøvennleg merking	8-9
Vegopningar i	
Vestnes og Stordal	11-15
Grøntpolitikk og høymole	17
Mannen bak GPS-idéen	18-19
Ein utrygg arbeidsplass?	22
Asbjørn Sæter går av	23

velkomen til: www.vegvesen.no/moreogromsdal

Som et av de aller første fylkene i etaten vår, har Statens vegvesen Møre og Romsdal etablert hjemmesider på Internett. Slik har vi tatt et viktig og nødvendig skritt fremover for å bedre og effektivisere informasjonsarbeidet, og dermed kommunisere enda bedre med omverdenen.

La det være klart for eventuelle skeptikere; Internett som informasjonskanal kommer i tillegg til allerede etablerte kanaler, og vil foreløpig ikke erstatte andre av våre informasjonskanaler – selv om det på sikt ikke vil være unaturlig. Verden går videre!

Hver dag tar nye PC-eiere i bruk Internett. Hver dag etablerer nye organisasjoner seg med egne hjemmesider på det raskest voksende mediet vi har i dag. Stadig flere av de nye brukerne er å finne blant eldre. «Roteromguttas» tid på Internett er forbi. Det forteller antall treff på etatens etablerte sider. Vi må være med!

Målgruppene for vår Internettsatsing er stor og brei, nemlig alle typer vegbrukere – og alle er publikum, mediene, trafikantene, andre offentlige virksomheter, næringsliv, skoleverket og egen virksomhet. De krever å få informasjonen der og da.

Vår Internettsatsing har selvsagt flere hensikter og mange mål. Av målene nevner jeg:

- Som informasjonskanal skal Internett være et verktøy for ledelsen i Statens vegvesen.
- Bruk av Internett skal bidra til effektiv ressursbruk i informasjonsarbeidet i Statens vegvesen Møre og Romsdal og skal bedre etatens publikumsservice.
- Internett må utnyttes på best mulig måte til tovegs kommunikasjon.
- Internett skal presentere relevant informasjon.
- Internett skal bidra til større åpenhet og tilgjengelighet.

Vi er i startfasen, og har derfor valgt å gå ut noe forsiktig. I denne omgang har vi lagt ut velkomstsider, nyhetssider, nøkkeltall, ledige stillinger, faktasider og kampanjesider. Vi er linket opp mot Møre og Romsdal Fylkesbåtar as sine hjemmesider, og er selvsagt koblet opp mot andre vegkontor og Vegdirektoratet sine sider på Internett. Hovedoppgaven fremover vil være å forbedre sidene vi har lagt ut, for så i neste omgang å utvide med nye sider etter behov.

Vår Internettsatsing er forankret i overordnet strategi som helhet og ikke som en liten del av vår informasjonsvirksomhet. Internett er ennå et nytt og fremmed medium for mange, og med den bakgrunnen vil det være viktig at innholdet vi presenterer er interessant, nyttig, riktig og troverdig – selvsagt.

Til slutt; Internett er et ypperlig redskap til å praktisere tovegs-kommunikasjon i den forstand at både vi og PC-brukerne kan operere i rollen som mottaker og avsender av informasjonen fra «kjøkkenbenken». Bruk Internett – og ha en riktig god sommer!



Wiggo Kanck
Wiggo Kanck,
informasjonsleder
veg og virke 4/98 3

Dagfinn fant tonen

Spelemann Dagfinn Grønningseter fant raskt tonen da han og resten av Valldal Spelemannslag drog i gang kulturdagane på Vegmuseet. Kulturdagane midt i juni, synte for all verda at vegvesentilsette kan så mykje meir enn vegbygging. Programmet var innholdsrikt og spennande. Humøret var på topp frå tidleg morgen til seine kvelden. I dei tre dagene kulturfesten varte, fekk meir enn 2 500 deltakarar oppleve alt frå treskjæring og produksjon av vandrestavar til revy, barneteater, klaverkonsert, allsang i OL-gapahuken og kulinariske smakebitar servert av kokkelaget frå Nordland.

Så om nokon enno ikkje trur at det utvida kulturbegrep – meir enn i tredobbel forstand – finst i Statens vegvesen, så bør dei ta turen til dei neste kulturdagane. For arrangementet må gjerast på nytt.

Atmosfæren, humøret og opplevingane på Vegmuseet er vanskeleg å gjengi med ord, men gjennom nokre bilde vonar vi dei som ikkje tok turen kan ane noko av stemninga vi som var der fekk oppleve.



Spelemannslaget frå Møre og Romsdal leia innmarsjen.



To kjente ansikt i mengden, Elsa Ulvenes og Ingolf Kleppe i hyggeleg prat.




Meir enn 2 500 vegvesentilsette var med på opninga.




Kulturdagane til inspirasjon, fantasi og kreativitet




Kjente spelemenn, Inge Lund og Dagfinn Grønningseter, på veg til nye oppdrag.



Kristine Bjørndalen trår dansen.



Kolbjørn Engen og Arne Hoem på veg til nye arrangement og nye opplevingar.



I mengda av kjente ansikt oppdaga vi Kjell Bjørvig og samferdselsminister Odd Einar Dørum.



Deltakarane fekk oppleve gamaldags vegvedlikehald.



Vakre bunader frå Vest-Agder.




Magedansarar frå Finland fekk fram glimtet i mange vegvesenauger.



Sogningane serverte flekksild.



Blant dei han kjenner best, eller kva seier du, Erik Nerli?



Arnfinn Hanestadhaugen hadde hendene fulle med stavproduksjonen sin.




Troms si utstilling.



Kommentarar er unødige, men under silken og i rosa strømpebukser kjenner vi att Kjell Haaland (t.v.), Vidar Veum, Tore Auberg og Geir Paulsrud. Dei dansa visstnok Svanesjøen.




Veteranbilkortesje under opningssermonien.



Kolbjørn Engen syner fram modell av tunnelvaskaren frå Åndalsnes.



Mange samla på mykje rart. Ein kar frå Oppland samla på gamle skøyter.



Tidligere vegsjef Eivind Vollset og kona Liv i samtale med kjentfolk.



Miljøvennleg merking

Etter eit stortingsvedtak som forbyr bruk av måling til vegmerking, er det no investert i nytt vegmerkingsutstyr på Årø vegsentral. Der ein før brukte løysemiddelbasert måling til vegmerking, vil ein no nytte sprayplast som både er meir miljøvennleg og meir haldbart. Dei nye maskinane som vil bli brukt i arbeidet, har kosta til saman 6,8 millionar kroner.

Tekst: Marte Kjørstad

Til vegmerking bruker ein no tre bilar. Formerke bilen køyrer først for å sette opp punkt for merkinga, kokebilen varmar opp stoffet, og merke bilen, eller utleggingsbilen, legg sprayplasten på vegen. Chassiet til «kokebilen» er eigd av

Ørsta produksjonsområde og er vinterstid på brøyting og strøing. «Kokebilen» med alt utstyr, har ein kostnad på ca. 3 millionar kroner. Dei tre oppvarmingsgrytene på «kokebilen» kom ferdige frå Sverige. Odd Rekdal ved vegsentralen har vore primus motor for oppbygginga av bilen, der ein har mon-

tert saman grytene med gangbruer imellom og med arbeidsplattformer. Inge Fred Dervo frå Statens vegvesen i Finnmark har vore med på ei liknande oppbygging av ein kokebil der, og har kome med gode råd og vink under bygginga.

Utleggingsbilen, som har to trykkgrøter for å presse ut spray-



Bildet til venstre: Formerkebilen, kokebilen og utleggingsbilen. Frå venstre: Bjørn Hustad, Odd Rekdal, Jan Olav Myrbostad og Svein Sæterbø. (Foto: Arnfinn Gautun)

Bildet over: Dei som har vore med på å bygge opp den nye kokebilen; Frå venstre: Inge Fred Dervo (Finnmark), Odd Arne Rød, Bjørn Hustad, Odd Rekdal, Svein Sæterbø, Sturla Rognes (Sør-Trøndelag), Stein Karlsmoen (Trysil Maskin), Jan Olav Myrbostad, Kjell Fylling og Arnfinn Gautun.

Bildet til høgre: Utleggingsbilen i arbeid. Bilen nyttar ei sikteanordning til å peile etter stripene som formerkebilen har markert opp. (Foto: Per Tormod Nilsen)



plasten med to pistolar, er oppbygd av Vegvesenet i Østfold, og er kjøpt inn for 3.8 millionar kroner.

– Dyre maskinar kanskje, men med åtte års nedskrivning på utstyret, og med utsikter til å få nytte bilane til arbeid i andre fylke, skal vi nok tene dei inn igjen, trur Ingebrigt Heggset.

Statens veitjenestemannsforbund – SVTF



Styret i SVTF 1998–2001. Frå venstre: Kjell Vassbotn (sekretær), Oddvar Bergseth (formann), Stig Folkestad (nestformann) og Tor Helge Syrstad (styremedlem). Bernt Bergo (kasserar) var ikkje til stades då bildet vart teke.

SVTF vart stifta i Rogaland i 1982.

- Saknet av eit politisk uavhengig organisasjonsalternativ i vegarbeidsdrifta førte til at SVTF vart danna.
- Alle tenestemenn i drifta kan bli medlemmer i SVTF.
- Ved medverknad av STAFO har SVTF inngått særavtale med Vegdirektoratet, – denne er identisk med annan særavtale i vegarbeidsdrifta, då med unntak av tillitsmannsbestemmelsar. SVTF følgjer del 3 i hovudavtalen på dette punktet.
- SVFTs kontingent er for tida 0,8% av brutto regulativ lønn, dvs ingen kontingenttrekk på overtidsarbeid/lønn, heller ikkje på overskytande ferielønn.
- SVTF er tilslutta Statstjenestemannsforbundet, STAFO, og

Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund, sekson Stat (YS-S).

- Medlemskapet i STAFO og YS-S gir SVTF forhandlingsrett både lokalt og sentralt.
- SVTF via STAFO gir deg økonomisk tryggleik ved eventuelle arbeidskonfliktar.
- SVTF vil heile tida arbeide for å betre medlemmene sine lønns- og arbeidsvilkår.
- SVTF arbeider berre for medlemmene sine faglege, økonomiske og sosiale spørsmål. Partipolitikk blir sett på som ei privat sak.

(Utdrag frå brosjyra «Bli med i Statens Veitjenestemannsforbund – SVTF»)

Er du interessert i fleire opplysningar, kontakt Oddvar Bergseth, Øyvindsveg 8B, 6400 Molde.

Tlf. arbeid: 71 24 86 00

Tlf. privat: 71 24 44 33

Jubilantar – Vestre Sunnmøre vegklubb

40 år

40 års medlemskap i LO – gullnål og diplom



Frå venstre Lars Ringstad, Haddal og Erling Husøy, Gurskøy.

25 år

25 års medlemskap i Norsk Arbeidsmandsforbund – gullnål



Frå venstre: Karl Kvamme, Kvamsøy og John Torger Køso, Syvde.



Delegatane frå SVTF sitt landsmøte i Kristiansand 27.–29. mai 1998.

Framme frå venstre: Ole Nyhaven, Oddvar Bergseth, Jarle Johansen, Odd Skogstad, Kjell Vassbotn og Brynjulf Reines.

Bak frå venstre: Anders Brakvatne, Sigurd Nepstad, Stig Folkestad, Rasmus Veland, Eivind Olsen, Arnt Aasen, Torbjørn Høtlevik, Jon G. Husveg, Tor Helge Systad, Olav B. Kallevig, Arild Sommerset, Svein Olav Øksendal, Sigbjørn Smådal og Arild Eckhoff. Per Harald Ellevsøy var ikkje tilstades då bildet vart teke.

Ei helg i samferdsla sitt teikn

Fredag 26. og laurdag 27. juni vart historiske dagar for innbyggjarane i Vestnes og Stordal. Fredagen vart den nye parsellen Remmem–Vestnes kyrkje på E39 opna for trafikk, og dermed forsvann den siste «flaskehalsen» i Vestnes på vegen mellom Molde og Ålesund. Det samla prosjektet har kosta 66 millionar kroner, og for gjenomgangstrafikken vil den nye vegen vere ei stor forbetring. Laurdagen opna den 3,5 km lange Stordalstunnelen som eit ledd i rassikringa av riksveg 650 mellom Seljeneset og Dyrkorn. Arbeidet med tunnelen tok til i mai 1996, og vil koste 117 millionar kroner. Dagane vart feira med storslåtte opningsarrangement for eit stort publikum både i verharde Vestnes og vakre Stordal.

Tekst og foto: Marte Kjørstad



Peder J. Hove og Olav Bratland held snora medan finansminister Gudmund Restad klipper med ei 50 år gammal møbelsaks. – Saksa er sjølv symbolet på kva denne bygda lever av, og tunnelen vil ha mykje å seie for framtida til denne næringa, sa Bratland. Etter at Restad hadde klipt bandet fekk han saksa i gåve. – Saksa er er spesielt god til å klippe sekkeband med, og det skulle passe bra for deg som sit på pengesekken, la Bratland humoristisk til.

– Klippe, klippe, sa kjerringa, – no blir det veg i vellinga! Slik avslutta den lokale vegforkjemparen Helma Misund prologen sin før ho klipte snora, godt hjelpt av ordførar Petter Inge Bergheim og fylkesmann Alv Jakob Fostervold. Klippereiskapen er ei sølvsaks knytt til Sinclair og Skottetoget som segla forbi Vestnes i 1612.

– Statens vegvesen har teke omsyn til dei miljømessige sidene, både når det gjeld støy og utsjånad av veganlegget. På denne måten rette fylkesmann Alv Jakob Fostervold ei personleg takk til vegsjef Karl Melby under opningstalen sin på Vestnes.

– Med denne vegen blir Vestnes ein enda betre kommune å bu i, heldt fylkesmannen fram. Vegsjefen på si side var oppteken av dei tre bruene som det nye landemerket på Vestnes

då han talte for ei stor folkemengd som trassa streignet. For lokalbefolkninga vil det bli ei stor lette at trafikken mellom Molde og Ålesund no vil gå utanom kommunesenteret.

Helma Misund er mellom dei som har hatt størst ulempe av den gamle vegen gjennom Vestnes sentrum. Ho har også vore ein av forkjemparane for ein ny veg. Det var difor på sin plass at ho stod for snorklippinga.



Under eit hav av paraplyar får Helma Misund, tradisjonen tru, overrekt ein kopi av sølvsaksa ho brukte til å klippe snora.



Tidlegare vegsjef i Oppland, Sigmund Vårdal på 90 år, underheldt med felespel i takt med Olav P. Hjelvik og Arvid Vik på trekkspel. Statens vegvesen «tek i eit tak».

Europaveg 39: Remmem–Vestnes kyrkje



Bjørn Johansen avduka minnesmerket over Sigrid Helland og familien hennar. Minnesmerket står i ein liten park oppå miljøtunnelen over E39. Sigrid Helland ga i 1953 garden Hellandmyra til Støtteforeninga for åndssvakeomsorg.

Ordførar Petter Inge Bergheim ønskjer velkommen.



Sjåfør Jon Misfjord (t.v.) og tidlegare brudirektør Per Tambs-Lyche etter avdukinga av infoplata over dei tre bruene på Vestnes.



Sidan vart det rebusløp om trafiktryggleik.



Trass i striregn var det ingenting å seie på oppmøtet under opningsseremonien som vart halden like ved kommunehuset i Vestnes.

Opninga av Stordalstunnelen vart ikkje feira med mindre brask og bram. Her var storfint besøk med finansminister Gudmund Restad i spissen, og med stortingspolitikarar, fylkesordførar, fylkesrådmann og ordførarar frå nabokommunane.

Ein opplagt og rørt ordførar Olav Bratland ønskte dei ca. 1500 fram-

møtte velkomne, – eit tal ein er storfornøgd med ettersom Stordal faktisk ikkje har meir enn ca. 1000 innbyggjarar. Stemninga var upåklageleg, med korpsmusikk, veteranbussar, talar, mannskor, familiekonkurransar og tunnelmarsj.

– Eit flott arrangement der Stordal viste seg frå si vakraste side.



På kjøretøyet skal storfolk kjennast, heiter det, og i Stordal vart 50 år gamle veteranbussar tekne i bruk til å frakte Stordalsfolket til Dyrkorn.



Dei meir prominente gjestene er også komne. Frå venstre fylkesmann Alv Jakob Fostervold, finansminister Gudmund Restad, ordførar Olav Bratland, møbelveteran Peder J. Hove, Kjell Bjørvig frå Vegdirektoratet og vegsjef Karl Melby.

Stordalstunnelen på rv 650: Seljeneset-Dyrkorn



Med eit innbyggjartal på ca. 1000 i Stordal er arrangørane godt fornøgdde med oppmøtet på ca. 1500.

Finansminister Gudmund Restad understreka viktigeita av ein god samferdslepolitikk for å kunne «ta heile landet i bruk».



Til venstre: – Opninga av Stordalstunnelen er ein milepæl for Stordal og bygdene rundt. Eg vågar påstå at dette er ei like stor hending som då vegen her vart opna i 1956, sa ein rørt ordførar Olav Bratland i opningstalen sin.

Nede til venstre: Tidlegare brudirektør Per Tambs-Lyche og kona var også blant gjestene.


Under: Desse tre var nok mest glade for at sola ikkje stakk fram under opninga.



Til høgre: Variert underhaldning for dei ca. 1500 som deltok under tunnelmarsjen: I tunnelen trefte ein både spelemannslag og mannskor, i tillegg til ein bergtrollfamilie som bur der til vanleg. Dei som såg godt etter ville også oppdage at Knudsen og Ludvigsen hadde flytta inn i Stordalstunnelen.



Laboratoriet til Årø



Oppsynsmennene Arne Eidskrem og Erling Roger Vike og laborant Kari-Anne Grebstad trivst godt i dei nye lokala på Årø.

Laboratoriet til Vegvesenet i Møre og Romsdal flytta ved årsskiftet frå Fylkeshuset til eigne lokale på Årø. Dei fire tilsette ved laboratoriet, Arne Eidskrem, Asbjørn Ødegård, Erling Roger Vike og Kari-Anne Grebstad er godt fornøgde med den nye tilhaldsstad, men saknar likevel kontakta med kollegaene rundt seg. Tidlegare låg laboratoriet i første etasje på Fylkeshuset. Med

Her demonstrerer formann Asbjørn Ødegård korleis ein føretekn asfaltanalyser.

ei husleige på ca. ein million kroner på Fylkeshuset mot driftsutgifter på ca. 150 000 i året på Årø er det her tale om store innsparingar, sjølv om ombygginga har kosta ein del.

Laboratorieseksjonen har feira flyttinga med kaffi og kake. No ventar dei berre på «kråka» som skal hengast på vegg. Nokon retteleg innflyttingsfest har dei ikkje hatt, så her om dagen var det komen opp ein lørvemann med både kjeledress, hjelm og støvlar. Lørvemannen var dessverre ikkje tilstades då bilda vart tekne...

(Marte Kjørstad)

Samarbeidsavtale vegkontoret og Høgskolen i Molde

Gjennom ein ny samarbeidsavtale mellom vegkontoret og Høgskolen i Molde, håpar etaten no å få del i den spesialkompetansen som høgskulen sit inne med. Fagmiljøet ved skulen er av departementet utpeikt til å vere nasjonalt knutepunkt for utdanning innan transportøkonomi.

Bakgrunnen for samarbeidet er at både vegkontoret og Høgskolen i Molde utgjer faglege tyngdepunkt innan samferdselssektoren i Møre og Romsdal. – Det er eit paradoks at Vegvesenet har eit slikt ressurscenter tilgjengeleg utan å ha gjort seg nytte av det, seier seksjonsleiar i personalseksjonen, administrasjonsavdelinga, Johan Sudmann. Sudmann meiner at også Høgskolen vil ha stor nytte av avtalen, som vil gje studentane innsikt i problem og oppgaver som kan ha interesse for dei.



Johan Sudmann

(Marte Kjørstad)

Utsifting av arbeidsklede



Dei nye CE-godkjende arbeidsklede.

Dei aller fleste skal no ha fått «nye» arbeidsklede med CE-godkjende merking og m.a. betre refleks på klede. Innan 1. september må alle syte for å få utskifta alle arbeidsklede slik at Vegvesenet sine tilsette bruker berre godkjende klede ved arbeid på veg.

Dette gjeld også varmedressar/

pelsklede, og utskifting skjer ved å levere inn dei gamle klede. Det er ingen eigenandel ved slikt skifte.

Rutinane for uttak av klede og anna verneutstyr er no gjennomgått etter at saka er teken opp i AMU.

(Andor Wicken)



«For krattet gror og graset står høgt på utrådt veg.» (Håvamål)

Til ledelsen og de med ti grønne tommeltotter:

JA TIL HØYMOLE??

Tekst og foto: Anne Trine Hoel,

Vegvesenet i Møre og Romsdal har gjennom årenes løp fått et rennøme for å være dyktige vegfolk. Spesielt har det vært positive tilbakemeldinger det siste ti-året. Vegene er blitt lagt fint i terrenget og landskapet rundt har fått sin rettmessige behandling. Kan hende vi også spanderer på noen trær og busker. Vi klipper snorer og roper hurra!

Men hvor lenge varer hurra-ropet? Det tar ikke lange tida før buskene er blitt overrumpla av aggressiv høymole, og trærne som engang stod rett er blitt vindskjeve. Hvem har forresten ansvaret i Vegvesenet for at hurra-ropet skal vare og glede litt lenger?

Det hersker ingen tvil om at det hviler et stort ansvar på våre skuldre for hvordan vi planlegger, bygger og vedlikeholder veganleggene våre. I god gammel vegvesen-tradisjon fikser vi dette med planlegging og vegbygging, men når det kommer til kunsten å vedlikeholde det «grøn-

ne», holder vi fortsatt på å rote ned i grøfta med spaden vår. Nei, – for vi er jo vegfolk... – og verken kan eller vil vi jobbe med den slags.

Jeg spør; hva slags grøntpolitikk skal Statens vegvesen Møre og Romsdal føre i framtida? En ting er at vi i stadig større grad beveger oss inn i tettstedene, og en annen ting er hva slags tilstand vi vil at omgivelsene langs vegen skal ha. Det er naivt å se bare vegen for hvitstriper og bitumen-dekke, da vegbanen faktisk er en del av omgivelsene, og omgivelsene rundt

påvirker oss både med positivt og negativt fortegn.

Som landets største byggherre griper Staten, og derav også Statens vegvesen, direkte inn i endringene av våre omgivelser. Vi har derfor et særskilt ansvar for at veganlegg framstår som gode eksempler med høy kvalitet. På fint heter det estetisk satsing, men hvorfor planta vi ikke høymole med en gang da?

Slik kan vegkantane sjå ut når grøntpolitikken blir teken på alvor.



– Idéen om nye bruksområde for GPS-systemet har blitt forma over lang tid, og spesielt når eg har gått i fjellet, forklarer Gudmund Hol.

Mannen bak GPS-idéen

Sjå godt på denne mannen. Gudmund Hol er opphavsmann til idéen om å nytte det globale posisjoneringssystemet GPS som erstatning for dei gamle brøytestikkene og kjentmannen. Han har fått førstepremien på 10 000 kroner frå forslagsordninga for idéen, og også ein premie på 5000,- kroner frå det sentrale bedømmingsutvalet i Vegdirektoratet. GPS er eit satelittnavigeringssystem som i dag mellom anna blir brukt av Forsvaret.

Tekst og foto: Marte Kjørstad

GPS vart i forrige utgåve av Veg og virke presentert under tittelen «Bort med brøytestikkene». Systemet vart oppfunne og blir i dag brukt av Forsvaret, og vart også brukt til våpenstyring under Gulfkrigen. Ifølge opphavsmannen til denne idéen, Gudmund Hol, kan prinsippet også nyttast til andre arbeidsoppgåver i Vegvesenet, der

det vel og merke er formålstenleg. – Ein har eit visst antal satelittar som sviv rundt jorda som ein navigerer etter, forklarer Gudmund Hol ved vegsentralen på Årø. Det var på oppfordring frå oppsynsmann Asle Kleppe på Stranda at Hol fekk tankane i sving med å «finne på noko gluft» som kunne erstatte kjentmannen og brøytestikkene. Formålet med å nytte GPS-systemet er å spare tid og auke sikkerheita

rundt arbeidet. Kjentmannen som ein hittil har nytta i dette arbeidet går til fots i snøen, og under ein hektisk og stressande arbeidsdag er det ikkje ufarleg å bevege seg i nærleiken av verken vifta eller fresetrommelen på snøfresen.

Hol starta arbeidet med idéen for over fire år sidan. – Det elektroniske utstyret den gongen hadde ikkje like stor grad av nøyaktigheit som i dag, men sidan har satelitta-

ne blitt fleire og forslaget modnare, seier Hol. Systemet gir i dag ein presisjon på få centimeters avvik, bortsett frå til visse tider på dagen når satelittane er for langt unna jorda til å gje så stor nøyaktigheit.

Beskjeden oppfinnar

– Dette er høgteknologi som er utvikla frå før og som ein no berre utvidar bruken av, svarer Hol på spørsmål om kva for kompetanse

som trengst for å komme med ei slik oppfinning. Den beskjedne oppfinnaren synest at forslagsordninga betyr mykje for kreativiteten som blomstrar i Vegvesenet. – Ordninga gir grobotn for mange gode idéar og kreative tankar, og eg trur Møre og Romsdal ligg eit hestehovud framfor dei andre fylka når det gjeld nytenking omkring utnytting av utstyr. Hol fortel at tankane om nye bruksområde for

GPS-systemet har blitt forma over lang tid. Han har hatt tanken i bakhovudet, også i fritida, og spesielt når han har gått i fjellet blir tankane klare. Han seier at det gir ei god kjensle at forslaget hans har fått ei slik positiv mottaking. – Det gir ei kjensle av å «vere med» i utviklinga, og påskjønninga frå forslagsordninga har nok gitt inspirasjon til nye prosjekt, seier han.




Feiar for eiga dør

Under den storstilte ryddeaksjonen som no går mot slutten, vart det fylt fem containerar med papir og kontorrekvisita som permar, plastlommer og skilleark. Blant dei meir sjeldne funna nemnast ein gammal hatt og ei flaske med skarpere innhald. (!) Hilde Moltumyr, som fann flaska, opplyser at funnet medførte «lystig stemning på utbygging». Moltumyr opplyser vidare at innhaldet vart behørgleg tømt ut, og håpar at ho ikkje får «ein herre med hatt» på nakken etter hendinga.

Alle dei tilsette var bedne om å delta under ryddinga, og tiltaket har blitt positivt motteke og fått god respons. -Det har blitt kasta mykje, men framleis er det mykje igjen, seier Moltumyr, med eit ønske om at nokon tek på seg ansvaret for å avgjere kva som kan kastast i kjellaren.

(Marte Kjørstad)

*Damene ryddar også i herregarderoben...
Her er Hilde Moltumyr frå utbyggingsavdelinga i aksjon.*



Konkurransen:

Skriv ei avhandling

Verdsorganisasjonen for veg- og trafikkfag, «PIARC», har framfor verdskongressen i Kuala Lumpur i oktober neste år lyst ut ein konkurranse for unge fagfolk i dei over 90 medlemslanda. Ein oppmodar potensielle bidragsytarar til gjennom gruppearbeid å belyse emnet «Infrastruktur og transport i det 21. århundre». Vegdirektør Olav Søfteland skal leie både den internasjonale og den norske juryen. Frist for innsending av norske bidrag er 30. november 1998, og deltakarane i den vinnande gruppa i Noreg vil kvar få eit reisestipend på 15 000 kroner.

(Marte Kjørstad)

Sjukefråveret

er framleis noko høgt samanlikna med målsetjinga. 5,9 % til no i år for produksjonsavdelinga er stabilt, og såleis «positivt» samanlikna med auken elles i samfunnet, men altfor høgt mot målalet 4,2 %.

Det gledelege i år er at vi har unngått fråvær grunna skadar i arbeidet og kan altså rapportere om $h = 0,0$ i statistikken. Betre kan det ikkje bli - og gratulerer til alle!

(Andor Wicken)

Bygningane våre

må snarast råd tilpassast aktuell bruk, både når det gjeld ombygging/utviding og når det gjeld sal eller riving.

Aktuelle tiltak no er:

- lagerbygg for sand i Eidsdal
- betre sandlager på Vestnes
- garasje/sosialrom i Aure
- vaskeplass/spiserom i Stranda

Tilsvarande «nedbygging» er aktuelt for:

- sal av Vold vegggarasje
- sal av Heggem vegggarasje
- del-sal av Gurskøy vegstasjon
- utleige/sal av del av Vestnes vegstasjon fleire andre mindre bygg

(Andor Wicken)

Mangel på lærlingar

Utan skuletilbod i vårt fylke er det mangel på kandidatar til dei 8 lærlingeplassane vi tek sikte på å ha innan veg- og anleggsfaget. For dei andre faga er det betre søking. Saman med Vegvesenet i Sogn og Fjordane vert det no arbeidd for å betre skuletilbodet og få «lokale» kandidatar.

(Andor Wicken)

Gode utsikter for stålverkstaden

Vidare ut over i året skal det produserast minst 4 bilbruer til ferjekaier, ei mobil ferjekai-eining og mykje anna stålutstyr. Det beste med ordreserven er at dei fleste leveringsfristane gir godt rom for planlegging og tilrettelegging. Alt bør liggje til rette for eit godt arbeidsår på stålverkstaden!

(Andor Wicken)

Vinterdrift

er eit aktuelt emne også no om sommaren: Også dei brøytekontraktane som er fornya i år viser samme trenden som i fjor: Markant prisoppgang, særleg for det som gjeld fast godtgjersle for å ta på seg brøyteansvar.

Politisk vert det lagt vekt på god standard for vintervedlikehaldet, og når totalløyvingane ikkje aukar, må kostnadsveksten medføre nedskjering på andre tiltak.

Før neste vintersesong må vi gå grundig gjennom alle sider som kan betre tilhøva, m.a.:

- vurdere rodelengder og mogleg koordinering
- utvide bruken av høvel og midtmonterte skjær
- betre sandlager og auke krav til strømateriale
- ny teknologi/informasjon til nye og «gamle» sjåførar
- betre leiing/styring for rett, optimalt innsatsnivå

Særleg dei to siste punkta må vi lokalt leggje vekt på, utifrå at ca. 90 % av vinterinnsatsen er basert på private kontraktørar.

(Andor Wicken)



Frå vegmeisterskapen i presisjonskøyning då arrangementet føregjekk i Molde.

Invitasjon til VM

Statens vegvesen Nordland inviterer no alle tilsette i Statens vegvesen til å delta i vegmeisterskapen i presisjonskøyning. Uttaket til meisterskapen skjer på Vestnes vegstasjon 7. august.

Konkurransane vil gå av stabelen i Bodø laurdag 5. september, men det blir lagt opp til eit program som også omfattar fredag 4. september. Programmet denne dagen vil i tillegg til eit fagleg tilsnitt også gje ei oversikt over dei andre mulegheitene i distriktet. For dei som ønskjer det, omfattar programmet også eit tilbod for søndag 6. september. Statens vegvesen Nordland ønskjer deltakarar og lagleiarar med følgje velkomne til Bodø. Ottar Brudeseth på vegkontoret har allereie sendt

inn førehandspåmelding for fullt lag, det vil seie to til lastebil-, to til veghøvel- og ein til hjullastarkonkurransen, så her er det berre å melde seg på til uttaking.

Uttakingskonkurranse

Vestnes vegstasjon
fredag 7. august kl. 11.00
Påmelding til Ottar Brudeseth
Telefon: 71 25 86 87
Fax: 71 25 86 79
Mobil: 901 72 183

Olaus Winther pensjonert

Olaus Winther ved Molde produksjonsområde gjekk av med pensjon 1. juni. Winther var oppsynsmannsassistente frå 3. mai -65, oppsynsmann frå 1. mai -68, vegmeister T-7 Eidsvåg frå 27. april -81 og T-8 Sunndalsøra frå 1. juli -92. Han har vore tilknytt Molde produksjonsområde med stasjonering Eidsvåg frå 1. juli -95.

Arne Ulvund pensjonert

Arne Ulvund ved Kristiansund trafikkdistrikt, Sunndalsøra gjekk av med pensjon 1. juni. Han var tekniskar ved vegkontoret frå 1. juni -67, oppsynsmannsassistente T-9 frå 1. september -72 og oppsynsmann frå 1. januar -73. Han har vore tilknytt Kristiansund trafikkdistrikt frå 1. juli -95.

Vegkontoret

– ein utrygg arbeidsplass?

Tekst: Andor Wicken Foto: Marte Kjørstad

Bilete lyg ikkje, vert det sagt, og her kan «Veg og Virke» med bilete som sanningsvitne spørje: Er ikkje vegkontoret lenger den trygge, statlege arbeidsplassen vi har trudd? At produksjonsavdelinga – heilt oppe i 5. etasje og med dei skiftande vindar som der bles skal vere i «faresonen», har vi høyrte før, men no skal det vere noko langt meir:


Den viktige hjørnesøyla mot søraust i Fylkeshuset viser avskaling og sprekker som ytre teikn på at noko er fundamentalt gale, og forståsegpåarar meiner no at heile verksemda i 3. etasje også er usikker og må gåast gjennom.

Utanfrå er det skrike opp om at dette er so alvorleg at all verksemd ved vegkontoret må revurderast, og frå sentralt hald har mange oppfatta signala slik at riving av mykje av konstruksjonen er tenkt å starte straks og utan nærare tilstandsvurdering. Korleis eit eventuelt nybygg skal sjå ut og kven som får plass der er heller ikkje klårt.

Folk lokalt som kjenner bygningen og situasjonen, ser med større ro på det heile. Det er semje om at fleire av «såra» og sprekkene i konstruksjonen bør utbetrast slik det vert hevda av forståsegpåarane. Det er alt lagt ein plan for dette når det gjeld hovudpunkt. Bygget totalt meiner dei fungerer bra, og det vert understreka at tiltaka no må vere slik at den store verdien som ligg i bygningen, vert teken vare på og utnytta vidare. Berre snakket om å rive og gjere radikale nybyggingstiltak er dei redd vil ha negative konsekvensar.

I den runden som no er igang med uttale til tilstanden på bygningen meiner dei det må understrekast at alle tiltak for rehabilitering og tilpassing må skje skrittvis og slik at det vert teke fatt i dei naudsynte tiltaka. Kvalitetane som ligg i noverande bygningsstruktur vert lett skadelidande dersom ein ikkje legg dette til grunn.

Vegkontoret er ikkje den trygge arbeidsplassen det ein gong var.



Asbjørn Sæter, vegmeister i Rauma/Vestnes gjekk i sommar av med pensjon etter 40 års teneste. Avgangen vart markert ved Åndalsnes vegstasjon, og Sæter hausta gaver og lovord frå gode arbeidskameratar.

– I området går det i periodar steinsprang og mindre ras, fortel kollega Ivar Hol, seksjonsleiar i trafikkavviklingsseksjonen. – Sæter er så samvitsfull at eg trur at han for å vere parat ved uforutsette hendingar har vore avhaldsmann heilt sidan han vart vegmeister i 1979, legg kollegaen til.



Sæter mottok blomster frå Harald Buvik på vegne av Vegvesenet.

Ein prektig vegmeister går av

Marte Kjørstad Foto: Geirmund Nordal

Sæter begynte fartstida si i Vegvesenet som periodevis vegarbeidar i 1952 før det vart fast vegarbeid frå 1958. Sidan har han vore

både oppsynsmannsassistert og oppsynsmann før han vart tilknytt Molde trafikkdistrikt i -75. Så vart han i -79 vegmeister i T-6, og har sidan altså vore «avhaldsmann». Under markeringa av avgangen på


Åndalsnes vanka det både godord, blomster og gaver frå arbeidarane ved Åndalsnes vegstasjon og frå kollegaene på vegkontoret. Ivar Hol omtaler Sæter som «svært positiv og utruleg lett å be». – Dette har skapt ein svært god tone og god stemning i arbeidsteama rundt Sæter, for slik leiaren er, slik blir gjerne også folket, seier Hol. Han legg til at vegmeisteren opp gjennom åra har gjort eit svært samvitsfullt og godt arbeid, – han jobba mange og lange dagar, men overtidsrekningane hans var likevel uhyre små. Tidlegare vegsjef Arne Inge Torvik, som i si tid hadde Sæter som oppsynsmann, omtalte Sæter som «ein riktig prektig oppsynsmann».



Frå venstre Oddmund Gussiås, Ivar Hol, Per Brandli, Harald Buvik, Asbjørn Sæter, David Grøvdal, Steinar Flydal, Per Fiva, Kjell Sandnes, Gabriel Støve, og Egil Sæther.



Returadresse:
Statens vegvesen
Møre og Romsdal
Fylkeshuset
6400 Molde



«www.vegvesen.no/moreogromsdal»